



Framtiden i våre hender Bergen  
Bryggen 23, Jacobsfjorden  
5003 Bergen

Dato: 20.03.2017  
Vår ref.: 2017/241-40  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.:

Att. Synnøve Beitnes

## Tilskot til miljøorganisasjonar

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til organisasjonar datert 13.02.2017. De søkte om kr. 55.000,-. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 55.000,- til Framtiden i våre hender Bergen frå budsjettet Tilskot til miljøorganisasjonar 2017.

Beløpet blir overført til kontonummer: **1254 05 05606**

### 1. GRUNNLAG

Ut frå formuleringane i søknaden, legg vi til grunn desse momenta:

#### Overordna mål:

Bidra til ei meir berekraftig verd og ei meir rettferdig fordeling av jordas ressursar.

### 2. ORGANISERING:

**Kontaktperson:** Synnøve Beitnes

### 3. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsfattarar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsfattarar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

#### Rapportering

Tilsegnsfattarar **skal** sende rapport til Hordaland fylkeskommune innan 15. februar 2018.

#### Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.

#### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

#### Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen De fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

#### **4. KONTAKTPERSON**

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Tale Halsør, som de kan kontakte på tlf. 922 066 75 eller e-post: [tale.halsor@hfk.no](mailto:tale.halsor@hfk.no).

Hordaland fylkeskommune ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sondbø  
Klima- og naturressurssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Anne-Grethe Stenhjem

Vedlegg

1 Akseptskjema